



Lista 2017

Eksterne produksjonar



Lista 2017

Innhald

- Forord av Petter Wallace
- Anno
- Barna fra Telavåg
- Brillebjørn
- Da vi styrtet landet
- En amerikansk jul med Adam Douglas
- En for alle
- Flaskepost fra Stillehavet
- Flukt
- Forført av spriten
- Gullsnutten
- Handlingens menn
- Historisk
- Hjerte av gull
- Hvem tror du at du er?
- Kampen om livet
- Karis uker
- Kroppen min eier jeg
- Mesternes mester

Mia Aimée og Matheo

Narvestad tar ferie

Nordlysets gåte

Parterapi

Skavlan

Sofa

Spellemannprisen

St. Halvardshjemmet

Stemmene i hodet

Stjernekamp

Svartedauen

Ukens vinner

Unge lovende

Valkyrien

Verdens sterkeste lillebror

VG-lista Topp 20 Rådhusplassen

Vikingane

ZombieLars

Radio

4-4-2 med Schau og Aune

Debatt i P2

Femtinist

Kurer

Norske skipsforlis

Radio Buvik

Røverradion

Sånn er du

Natur

Beverdalen

Dronning uten land

Min natur

Andre

Børsemakerne

Det perfekte bildet

Kari-Anne på Røst

Kvenske røtter

Med Kato på kvalfangst

Seterjentene

Spilling rivefabrikk

Stifinneren

Våre 15 største leverandørar i 2017

Sjangerfordeling 2017



SAMLA!

I filmen "Life of Brian" av Monty Python står Brian i eit vindauge framføre eit stort folkehav. Han skrik til folkemassen og bed dei la vere å følgje han, for "de er jo alle enkeltindivid!" Alle skrik samrøystes tilbake: "Vi er alle enkeltindivid!" Slik gjer publikum til oss no. Vi ønskjer å vere individualistar alle saman, og vi ønskjer å bli behandla på ein måte som får oss til å føle at kringkastarane snakkar til meg, tilfredsstillar mine ønske.

For vi lever i tidsalderen til personaliseringa og algoritmane. Og det påverkar jo sterkt kva slags innhald vi skal lage, korleis vi skal lage det, og korleis NRK skal publisere dette innhaldet framover. Vi må sikre at alle føler at kringkastaren ikkje berre kastar blindt omkring, men kastar innhaldet til deg, som kanskje får deg til å agere med innhaldet, dele det med andre, utvide bruken av det. Designaren Raymond Lowey hadde på 1930-talet ein teori om kva det er som gjer at folk tykkjer noko er kult og noko for dei. Han meinte at publikum er rivne mellom to motstridande krefter: neofili, ei sterk interesse for alt som er nytt, og neofobi, ei frykt og ei avstandstaking til alt som er nytt.

Eit resultat av dette spennet er at publikum har ei dragning mot det som kjennast frekt og dristig, men som samstundes kjennast umiddelbart forståeleg. Lowey kalla publikumssukses-teorien sin for MAYA – Most Advanced Yet Acceptable. På eit slags norsk blir det Skikkeleg avansert, men likevel akseptabelt – SAMLA, for dykk som likar akronym. Han sa at for å presentere noko som er overraskande, lag det kjent – og for å presentere noko som er kjent, lag det overraskande.

For det kryssingspunktet mellom neofili og neofobi kjenner vi vel alle på når vi lagar og publiserer innhald. Eg merkar jo at det sit lenger inne for oss å ville endre på noko folk er blitt glade i, samstundes som vi dragast mot nytt og spanande innhald, når vi vel. Og årets katalog av prosjekt frå den eminente norske eksternbransjen, vitnar jo om full klaff på begge frontar, både høgt elsa innhald, vel og merke i stadig fornying – og overraskande og spreisk, nytt innhald som gjev publikum heilt nye opplevingar.

Frå og med 2018 har NRK plikta seg til å bruke minst 40 % av TV-budsjettet på produksjonar som er leverte av den eksterne bransjen. Det er ikkje eit hårete mål, og det er ikkje eit mål som fell oss tungt for brystet. For det er i samspelet mellom det som leverast av det fagleg sterke interne miljøet i NRK og det innhaldet som leverast av dusinvise store, mellomstore og små produksjonsselskap over heile landet, som gjer at NRK framleis er det føretrekte valet både på radio og TV - og no også på sosiale medium.

Petter Wallace
Sjef for eksternt innhold i NRK



Anno

Produsert av: Strix
Eksekutiv produsent: Vibeke Ringen
Produsent: Ida Jørgensen
Prosjektredaktør NRK: Unni Ødegård
Lengde: 20 x 39', 10 x 59'

Anno er ein konkuransedriven realityserie der 14 deltakarar samlast i ein tidskapsel der alt er som det var for nesten 500 år sidan. I den tredje sesongen er livet lagt til Trondheim, der deltakarane skal bu hos sjølvaste erkebisop Olav Engelbrektsson medan dei kjempar seg opp frå lærling til meister. Dei som best meistrar tida, vinn Anno og blir borgar av byen.

I ti veker lærer dei seg nye ferdigheter og lever som forfedrane sine. Dei startar som lærlingar for deretter å arbeide seg opp frå svein til meister. Eigeninnsats er heilt avgjerande for å nå toppen og bli den beste borgaren i byen. I 30 episodar må deltakarane kjempe for plassen sin i Anno gjennom utfordrande turneringar og duellar. Kvar veke må ein deltakar reise heim. Den som står igjen til slutt stikk av med borgarbrevet.

Programleiar er Selda Ekiz.



Barna fra Telavåg

Produsert av: Sanden Media

Produsent: Livar Hølland

Manus og regi: Brita Sørli Jæernes

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 57'

Dei såg foreldra bli ført bort av soldatar og heimane sprengde. Det er gått 75 år, men minna pregar framleis Telavåg-barna. Historia deira forteljast no for første gong.

Dette er ei historie om hemn, om terrorisme, om frykt, fråskiljing, sjukdom og død. Men ikkje minst er det historia om 40 barn som levde to år i fangenskap under den andre verdskriga. Og kva var eigentleg verst for desse barna; fangenskapet eller alle åra som har gått etterpå, prega av teing?



Brillebjørn

Produsert av: Spark Media

Produsentar: Nils Stokke og Eda Syvertsen

Prosjektredaktør NRK: Gitte Calmeyer

Lengde: 26 x 5'

Dette er ein dramaserie om treåringar og deira favorittbamse, Brillebjørn. Kvar episode handlar om noko som er skummelt, nytt eller vanskeleg i kvardagen til treåringar. Når det tårnar seg opp, er Brillebjørn ekstra god å ha. For han har nemleg magiske kr etter! Når han klappar i potane sine skjer det noko magisk. Sjølv om magien til Brillebjørn berre skjer i fantasi til treåringane så blir han ein del av røynda og den hjelper barna til å meistre utfordringane dei hadde.

Temaa i episodane er gjenkjennbare for barn. Gjennom magien til Brillebjørn skal barna skjøne at med å bruke fantasi og kreativitet kan ein overvinne det meste i livet. I Brillebjørn er barna heltar i eige liv.



Da vi styrte landet

Produsert av: Norsk Fjernsyn
Produsent: Hans Lukas Hansen
Regi: Tommy Gulliksen
Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo
Lengde: 6 x 45'

Dette er forteljinga om nokre av dei mektigaste personane i vår tid. For første gong i historia samlast seks norske statsministrar rundt same bord. Over ein middag i hyggeleg atmosfære fortel dei om den gongen dei styrte landet, og om det spesielle livet som statsminister.

Gro Harlem Brundtland, Kåre Willoch, Thorbjørn Jagland, Jens Stoltenberg, Kjell Magne Bondevik og vår noverande statsminister Erna Solberg har prega samtida vår. I denne serien får vi høre om venskapa, kranglane, bragdene og nederlaga. Gjennom samtalane deira, og klipp frå eit rikhaldig arkiv, kjem vi nært innpå dei som tok på seg den enorme oppgåva det er å leie Noreg.



En amerikansk jul med Adam Douglas

Produsert av: Monster Entertainment

Eksekutiv produsent: Christian Holst Meinseth

Produsent: Jan Arild Sløssing

Redaktør NRK: Petter Wallace

Lengde: 50'

Stjernekamp-vinner Adam Douglas inviterer til varm julestemning i Nordstrand kirke. Med seg på scena har han fullt band med fem blåsarar, gospelkor og Makeda som gjesteartist.

Adam vaks opp i Oklahoma og vil snakke om tilhøvet sitt til amerikansk jul og kva musikken har betydd for han. Dei siste ti åra har han budd i Noreg, og han framfører også våre eigne kjære julesongar.



Gullsnutten

Produsert av: Nordic Screens

Eksekutive produsentar: Andreas Hatlevik og Tina Falster

Produsent: Vanda Aars

Prosjektdeskritør NRK: Jan Petter Rudidalen

Lengde: 59'

Direktesendt prisutdeling til norske innhaldsskaparar på internett. Vi feirar alle dei som lagar morosame, ekte og viktige videoar som kvar dag får norske fans til å like, dele og kommentere. Det vil mellom anna bli delt ut priser for årets video, årets gamer, musikk og meiningsberar.

Dette er ein festkveld for alle norske fans av Prebz & Dennis, Celina Karine, Agnes Lovise, Herman Flesvig, Hanna Martine, Noobwork, Maria Stavang, Herman Dahl og resten av dei norske stjernene.

Programleiar er Lars Berrum.



En for alle

Produsert av: Fabelaktiv

Produsent: Arild Halvorsen

Manus og regi: Rune Sæterstøl

Prosjektredaktør NRK: Jan Petter Rudidalen

Lengde: 8 x 29'

Norsk realityserie. Ni 14-åringar konkurrerer i ekstremsport – på lag. Dei må pushe sine eigne fysiske og mentale grenser, og ikkje minst vere ein god lagspelar. Til slutt står det berre to stykkar igjen som skal konkurrere mot kvarandre i finalen – éin mot éin.

I finalen blir det eit dramatisk gjensyn med fleire sportsgreiner. Det har regna kraftig og asfalten er glatt, elva har blitt kjempestor og skogbotnen sleip og våt. Vinnaren kjem fram til leiren på ein spektakulær måte, der alle ventar i spening.

Programleiar er Truls Pedersen.



Flaskepost fra Stillehavet

Produsert av: Rollo Tomasi og Submerge

Produsentar: Simen Bang-Hansen, Jim Hoel og Thomas Lien

Regi: Thomas Lien

Prosjektredaktør NRK: Gitte Calmeyer

Lengde: 13 x 12'

Dette er ein eventyrlig og lærerik dokumentarserie for heile familién. Vi følgjer to norske familiær på reise i Stillehavet. Det er Ivi og Jack, som for tre år sidan flytta til den vesle øya Tikopia. Denne gongen har dei også teke med seg naboane sine; Vilja og Iben. Mødrene, fedrane og fetter Jørgen er også med.

Alle reiser dei med eit stort seglskip saman med mange andre menneske. Vi lærer om livet om bord i ein båt, kulturane dei møter undervegs og om naturen. Vi er med på reisa til barna, kvar dagen på båten og alle dei ulike øyane dei kjem til på ferda.



Flukt

Produsert av: Pandora Film

Produsent: Morten Offerdal

Regi: Lars Petter Gallefoss

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 5 x 39'

Programleiar Leo Ajkic reiser langs rutene flyktingane brukar. Sjølv veit han godt korleis det er å flykte. Han var sju år gammal då bomber og granatar byrja å smelle rundt i Bosnia. Flukta hans enda til slutt i Noreg.

Det er over 65 millionar menneske på flukt i verda i dag. Kven er dei, og kva flyktar dei frå? Korleis tek Europa imot dei, og kva slags liv er det som ventar? Serien gjev eit innblikk i kvardagane til nokre av dei som flyktar. Bak kvart tal skjuler det seg ei historie. Korleis vil flyktingane forme framtida vår? Leo vil ikkje at vi skal sjå på dei som offer, men moglegheiter. 65 millionar moglegheiter.

Serien vann Gullruten for beste dokumentarserie og beste mannlege programleiar.



Forført av spriten

Produsert av: Fenris Film

Produsent: Tore Buvarp

Kreativ produsent: Aslaug Holm

Manus og regi: Karianne Førland Vennerød

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 5 x 39'

Kva skjer når ei kvinne drikk for mykje? I denne dokumentarserien delar fem modige kvinner historiene sine. Dei har alle fått liva sine dramatisk endra på grunn av problem med alkohol. Tilsynelatande levde dei vanlege liv, men bak fasaden meistra dei kvardagen därleg.

Skjult alkoholmisbruk råkar mange familiarer i Noreg.

Forskarar meiner det er nærmare 100 000 alkoholikarar her i landet, og mørketala er store. For kvinner er dette langt meir tabubelagt enn hos menn, og manglante openheit rundt alkoholmisbruk gjer det ofte vanskelegare å leite opp og ta i mot hjelp. Kvinner og alkohol er kanskje eitt av våre siste tabu.



Handlingens menn

Produsert av: Concorde TV og Nils & Ronny AS

Produsent: Hasse Lindmo

Idé, manus og produsent: Nils Henrik Wærstad

Idé, manus og regi: Ronny Kristoffersen

Prosjektredaktør NRK: Gitte Calmeyer

Lengde: 8 x 59'

Eit gammalt kraftverk med eit stort og entusiastisk publikum i heimbyen Hønefoss, dannar ramma når Nils Henrik Wærstad og Ronny Kristoffersen legg ut på spanande eventyr verda rundt.

Den store hallen er gjort om til eit spektakulært studio fylt med bilar og suvenirar, og herfrå kan både gjestar og publikum ta del i dei mange rørande, meiningsfylte og underhaldande reiseaugeblinkane til turkameratane. Ambisjonen er å opne dører og kome nær folk, på innsida av kvar dagslivet deira. Nils og Ronny har mange prosjekt i mange land, og dei har håp om at serien skal vise sjåarane at verda kanskje er litt mindre farleg enn mange skal ha det til.



Historisk

Produsert av: Nordisk Film TV og NRK

Produsent: Alexander Berg-Hansen

Prosjektleiar NRK: Guri Skavlan

Lende: 6 x 29'

Dette er eit humoristisk og lærerikt panelshow der to lag konkurrerer om kven som kan mest om dei ukjende, men heilt sanne fakta i verdshistoria. Kva skjedde eigentleg med flagget som vart planta på månen i 1969? Korleis døydde koseelgen til faren til den moderne astrologien? Og kor mykje kosta det eigentleg å få ein bøddel til å kappe hovudet av ein skurk på 1700-talet?

Dette er spørsmålet programleiar Live Nelvik stillar laga, leia av Siri Kristiansen og Aleksander Schau, når ho viser det norske folk at historie er meir enn årstal og vanskelege kongerekker. Historisk er eit underhaldningsprogram du faktisk kan lære noko av.



Hjerte av gull

Produsert av: True Fiction

Produsent, regi og foto: Cecilie Bjørnaraa

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 54'

I 1987 drog Virginia frå dei fem barna sine på Filippinane for å jobbe i Hong Kong. I dag, 30 år seinare, bur ho i Grimstad, og ho forsørgjer framleis for den stadig veksande familien sin i heimlandet. Ho er uroa for kva som vil skje med barn og barnebarn når ho blir for gammal og ikkje lenger kan hjelpe dei.

I denne dokumentaren møter vi tre filippinske kvinner som alle har ønskt å gje familiene sine og seg sjølv eit betre liv. Alt blir ikkje som dei håpar og trur.



Karis uker

Produsert av: Zacapa Film

Produsent: Linn Therese Amundsen

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 53'

Kva skjer når livet frå ein dag til den neste blir snudd på hovudet, og alle draumar om framtida blir ståande som store spørsmålsteikn? Då Kari Wåle (32) fekk brystkreft vart ho følgd med kamera frå dag éin.

Sidan Kari og veninna hennar jobbar med TV-produksjon, og kjærasten er fotograf, vart det naturleg å dokumentere prosessen, på godt og på vondt. Vi følgjer Kari gjennom cellegiftbehandlingar, hårtap, operasjon og stråling, i ei tid der sjukdomen etter kvart vart ein del av kvardagen.



Hvem tror du at du er?

Produsert av: Monster Entertainment

Produsentar: Sandra Hafsafl og Birgitte Solberg

Redaktør: Birgitte Solberg

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 8 x 59'

I fjerde sesong av serien følgjer vi åtte kjente nordmenn som er nysgjerrige på slekta si. Dei søker tilbake til røtene sine for å finne ut kven forfedrane var og kva slags liv dei levde. Kva slags utfordringar hadde dei? Kva val vart gjort, og kva konsekvensar har det hatt for ettertida? Slektshistoria til kvar person er sett inn i ein historisk kontekst slik at serien også handlar om vår felles historie.

I dei åtte programma møter vi tidlegare toppalpinist Kjetil Andre Aamodt, programleiar Ingrid Gjessing Linhave, skodespelar Nicolai Cleve Broch, generalsekretær for Flyktninghjelpa Jan Egeland, skodespelar Janne Formoe, popartist Bertine Zetlitz, forfattar Tore Renberg og skodespelar Lise Fjeldstad.



Kampen om livet

Produsert av: Bulldozer Film

Eksekutive produsentar: Christian Holm-Glad og Jo Røislien

Regi: Christian Holm-Glad

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 8 x 29

Er vi åleine i universet? Kan vi kurere kreft, utrydde svolt og leve evig? Og kva tid kjem den neste pesten? I denne populærvitenskaplege serien om livet stillar programleiar og biostatistikar Jo Røislien desse store og viktige spørsmåla.

Røislien reknar mellom anna ut kor mange intelligente sivilisasjonar som finst i verdsrommet. Han oppsøkjer ungdomskjelda på Bahamas, og han utforskar korleis evolusjon kan brukast til å behandle kreft.



Kroppen min eier jeg

Produsert av: Bivrost Film & Tv

Produsentar: Trond Jacobsen og Ilze Burkovska Jacobsen

Regi: Trond Jacobsen og Marianne Müller

Prosjektleiar NRK: Joakim Vedeler

Lengde: 4 x 4'

Dette er ein animert dokumentar-
serie for barn om seksualitet,
grenser og seksuelle overgrep.
Kva er eit seksuelt overgrep?
Og kva bør du gjere om du
opplever noko sånt?

Serien gjer tydeleg at barn aldri
har skyld når overgrep skjer, og
viser barn kva dei kan gjere om
dei opplever noko ulovleg.



Mia Aimée og Matheo

Produsert av: Døves Media

Produsent: Vibecke Lyse

Regi: Lars Otterstedt

Prosjektdaktør NRK: Aira Planting

Lengde: 10 x 14'

Serie for barn på teiknspråk.
Søskena Mia Aimée og Matheo
Røine reiser over sjø og land frå
den travle og grå storbyen Oslo.
Saman med mamma skal dei
oppleve korleis det er å leve ved
havet i Lofoten og på ein fjellgard
i Gudbrandsdalen.

Dei fiskar og lagar fiskepinnar,
leitar etter krabbar og lærer seg
korleis ein skal oppføre seg i
nærleiken av vatn. På garden
matar dei dyra og hentar egg
hos hønene. Ost skal lagast
og dei lærer om stell av hestar.
I siste episode lagar dei ei gåve
til mamma av ull frå sauane.



Mesternes mester

Produsert av: Rubicon TV

Produsent: Marit Aspen

Redaktør: Kristin Ekker

Prosjektredaktør NRK: Pia Basberg

Lengde: 10 x 59'

Ti tidlegare toppidrettsutøvarar er samla og bur saman på den vakre Peloponneshalvøya i Hellas. Samstundes konkurrerer dei mot kvarandre om tittelen "Mesternes mester". I kvart program må dei gjennom utfordrande konkurransar som set alle eigenskapane deira på prøve – det vere seg fysisk eller mentalt. 30 tøffe øvingar ventar før vinnaren står igjen til slutt. Undervegs blir vi også betre kjent med menneska bak imponerande idrettsprestasjonar.

Årets deltakrar er Frode Grodås, Anita Moen, Eldar Rønning, Else-Marthe Sørli Lybekk, Bartosz Piasecki, Ine Barlie, Anders Jacobsen, Tonje Sørli, Helene Olafsen og Odd Sørli.

Programleiar er Dag Erik Pedersen.

Det vart også sendt ti Meisterportrett på P1.



Narvestad tar ferie

Produsert av: Seefood TV og NRK

Produsent: Aleksander Herresthal

Kreativ produsent: Marit Støre Valeur

Prosjektleiarar NRK: Øyvind Thoen og Aage Wolff

Lengde: 6 x 24'

For første gong på 30 år tek driftsleiar Roy Narvestad ferie frå Tertitten borettslag. Han bestemmer seg for å reise til stader han har drøymt om. Han har valt seg seks destinasjonar som han alltid har villa besøkje. Han dreg til Danmark, Kenya, Tyskland, Japan, England og Cuba.

På turen smakar han på hasjkaker og testiklar. Han får teke bilete av seg sjølv med ein sjiraff og vere med på revejakta i England. I Berlin hamnar han på homsebar - og kan han ha ein namnebror på Cuba?

Med Robert Stoltenberg og fleire.



Nordlysets gåte

Produsert av: Original Film
Produsent: Mona Steffensen
Manus: Roald E. Hansen
Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo
Lengde: 54'

Dette er forteljinga om det korte og innhaldsrike livet til Kristian Birkeland, der både suksess og tragedie dominerte. Vi blir kjent med ein av dei viktigaste og minst kjente vitskapsmennene i Noreg, ein allsidig forskar med 59 patent bak seg.

Birkeland er mest kjent for å ha løyst gåta bak nordlyset, og saman med Sam Eyde la han grunnlaget for ein del av industrieventyret i Noreg, Norsk Hydro.



Parterapi

Produsert av: Seefood TV og NRK
Produsentar: Sara Rogne og Aleksander Herresthal
Kreativ produsent: Aleksander Herresthal
Prosjektleiar NRK: Jesper Wold
Lengde: 2 x 9'

Kva gjer du når partnaren din er heilt samd i at de har eit problem, men ikkje skjønar at det er eit problem? Og kva med pengebruken og utruskapen?

I denne humorserien med Kevin Vågenes følgjer vi seks par med store utfordringar i samlivet. Gjennom parterapi gjer dei eit siste forsøk på å redde forholdet.



Skavlan

Produsert av: Monkberry

Produsent: Marianne Torp Kierulf

Redaktørar: Ulrika Kindbom og Thomas Holst-Hansen

Prosjektdirektør NRK: Aira Planting

Lengde: 26 x 59'

Skavlan er det største talkshowet i Skandinavia. Kvar veke møter Fredrik Skavlan aktuelle nordiske gjestar, og nokre av dei største stjernene, politikarane, filosofane og artistane i verda. Programmet viser Skavlan sitt møte med gjestane, og gjestane sine møte med kvarandre. Skavlan blir spelt inn i Stockholm, London og New York, og blir sendt på fredagskveldar på NRK1 og i Sverige på SVT1.

I år har mellom anna Sven Bertil Taube, Märtha Louise, Marina Abramovic, Jo Nesbø, Emma Thompson, Ricky Gervais, Depeche Mode, Erna Solberg, Patti Smith, Mats Zuccarello, Kygo, Vanessa Redgrave, Gro Harlem Brundtland, Roger Waters, Cecilia Brækhus og Mikaela Lauren besøkt Skavlan.



Sofa

Produsert av: Strix

Eksekutiv produsent: Arild Brubak

Produsent: Sebastian Løberg Sandsgaard

Prosjektdirektør NRK: Pia Basberg

Lengde: 8 x 29'

I sesong fire av denne humoristiske og varme serien følgjer vi fleire ulike familiær, kjærastepar og venegjengar i deira daglege TV-kikking heime i sofaen. Vi får vere fluge på veggen når dei diskuterer, kommenterer og reagerer på det dei ser på skjermen. Kva blir dei opprørte av, kva får dei til å drøyne seg bort, brøle av latter eller til å bli rykande usamde?

Heime hos bestevenninnene Linda og Camilla i Oslo er det mykje latter og engasjement når dei ser på TV saman, og smaken er ofte svært ulik. I Sofa er det folket sjølv som avgjer kva som er godt eller dårlig innhald på TV.



Spellemannprisen

Produsert av: Rubicon TV

Produsent: Gard Mortensen

Prosjektleiar Spellemann: Pernille Torp-Holte

Prosjektredaktør NRK: Jan Petter Rudidalen

Lengde: 1t 20'

Det er duka for festkveld når den beste musikken frå året som gjekk skal feirast. Kven er årets nykomar? Kven blir Årets spellemann? Programleiar Mona B. Riise leiar oss gjennom kvelden når dei gjævaste prisane til musikkbransjen skal delast ut.

På scenen står mellom anna Julie Bergan, Freddy Kalas, Nils Bech, Frida Ånnevik og Nora Collective. Spellemann blir delt ut årleg til artistar og opphavsmenn som har utmerkt seg og bidratt stort på musikkfronten det siste året.



St. Halvardshjemmet

Produsert av: Zacapa Film

Produsent, regi og foto: Linn Therese Amundsen

Regi og lyd: Kari Wåle og Tale Kristine Skeidsvoll

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 69'

Er det mogleg å ta vare på livsglede og verdigheit i den siste fasen av livet på ein sjukeheim? St. Halvardshjemmet, som drivast av Kirkens Bymisjon, har fleire gongar blitt kåra til den beste sjukeheimen i Oslo av pårørande. Her var det liv i stovene, uendeleg mykke omsorg og kjærleik, og tilsette med eit personleg engasjement for å gjere kvar dagen optimal for bebruarane.

Sommaren 2016 kjem sjokkmeldinga: Oslo Kommune skal leggje ned sjukeheimen. Alle bebruarane skal flyttast og dei tilsette mistar jobben. Nære relasjonar og venskap mellom beubarar og pleiarar brytast opp og avsluttast for godt.



Stemmene i hodet

Produsert av: Medieoperatørene

Produsentar: Eirin Høgetveit og Mari Monrad Vistven

Regi og foto: Gunhild Asting

Prosjektdirektør NRK: Marie Sjo

Lengde: 6 x 39'

Denne dokumentarserien er eit nært møte med Maria, Ruth Andrea og Benjamin, tre unge menneske som alle har erfart å leve med ein schizofrenidiagnose. Dei minner oss på kor viktig det er å sjå mennesket bak diagnosen.

Gjennom seks episodar følgjer vi dei tre i behandling og på heimebane. Vi får eit innblikk i korleis det er å leve med denne stigmatiserande diagnosen. Via animasjonar og illustrasjonar blir vi kjent med dei tre modige menneska, vi får kjennskap til opplevelingane deira av vrangførestellingar, psykosar og røyster i hovudet. Vi lærer også, via Benjamin, at diagnosen ikkje treng å vere med deg for alltid.



Stjernekamp

Produsert av: Monster Entertainment

Eksekutiv produsent: Christian Holst Meinseth

Produsent: Brita Karlsen

Co-produsent: Vibeke Sørlie

Prosjektredaktørar NRK: Unni Ødegård og Pia Basberg

Lengde: 10 x 90'

Stjernekamp er ein direktesendt underhaldningsserie der etablerte artistar møtast for å konkurrere i ulike musikkjangrar og slåst om tittelen "Norges ultimate enternainer". Korleis går det når operasongaren skal gjere hip hop, eller når rockevokalisten skal syngje opera?

I den sjette sesongen møter vi artistane Gaute Ormåsen, Ida Maria, Didrik Solli-Tangen, Alexander Walmann, Benedicte Adrian, Adam Douglas, Erlend Bratland, Makeda, Lisa Børud og Hilde Lyrån. Dommarar er Mona B. Riise og Thomas Felberg, og sjåarane røyster på favorittane sine. Programleiar er Kåre Magnus Bergh. I finalen utkonkurrerte Adam Douglas rivalen Didrik Solli-Tangen og vart kåra til vinner av Stjernekamp 2017.

Kvar laurdag føremiddag kunne også lyttarane til NRK P1 lade opp til kveldens livesending.



Svartedauen

Produsert av: Media Service og Storymakers

Produsent: Svein Tallaksen

Regi: Ole Bernt Tellefsen og Kristian Landmark

Prosjektredaktør NRK: Unni Ødegård

Lengde: 54'

År 1348, ein dødeleg sjukdom invaderer Noreg. Menn, kvinner og barn dør over natta. Det finst ikkje nokon kur. Gardsbruk blir lagt øyde. Legane fell som fluger, og i byane går folk i prosesjon og bed om tilgjeving frå Gud. Noreg er råka av den største epidemien i landets historie. Han er nådelaus. På under to år dør 60 prosent av befolkninga.

Ved hjelp av 300 statistar, mange dyr og spektakulære locations levandegjer filmskaparane tida då Svartedauen invaderte Noreg. Samstundes stillar dei spørsmål om kva effektar pandemien har fått i etterkant. Er det mogleg å merke etterverknadene heilt opp til våre liv i dag?



Verdens sterkeste lillebror

Produsert av: Norsk Fjernsyn

Produsent: Tommy Gulliksen

Regi: Christian Thorkildsen

Prosjektredaktør NRK: Marie Sjo

Lengde: 59'

Andreas er både OL-meister og verdsmeister i spyd. Men storebror og sportsjournalist Christian føler ikkje at han kjenner broren. Han ønskjer å lage ein film om han. Det er starten på ei lang ferd der tilhøvet blir sett på ei rekke prøvar.

Christian tenkte det skulle vere ein fordel å vere bror når filmen skulle lagast. Men ingenting går slik brørne hadde tenkt. I fire år er vi tett på familien Thorkildsen og eit komplisert tilhøve mellom brørne. Familien opnar fotoalbumet og fortel historier som ikkje har vore offentleg kjende.



Ukens vinner

Produsert av: Feelgood Scene Film og TV og NRK

Produsent: Mia Hundvin

Prosjektleiar NRK: Rebecca Padoin

Lengde: 12 x 29'

Han tjukke, han kyniske og han gamle frå Radioresepsjonen lagar humorprogram på TV. Evna til gutane til å sjå ei sak frå fleire sider gjer at programmet spenner frå lettbeint underhaldning til ikkje alltid politisk korrekt satire.

Tre personar frå vekas mediebilete nominerast og synsar og meiner seg igjennom programmet. Innimellan tek dei ein fast avstikkar til Bjarte sitt hjørne der Sagen-brørne må gjette riktig avisoverskrift til ei sak. Til slutt kårar dei sjølvutnemnte dommara ein høgst subjektiv vinnar blant klovnar og heltar frå veka som var. Programmet avsluttast med spalta "Faktore", som uunngåeleg hissar på seg nokon kvar veke.



Unge lovende

Produsent: Monster Scripted
Eksekutive produsenter: Bård Fjulsrud og Håkon Briseid
Produsent: Maren K. Onsaker
Manusutvikling: Birgitte Rustad Wegener
Regi: Eirik Svensson
Prosjektredaktør NRK: Gitte Calmeyer
Lengde: 6 x 29

Kva tid går ein frå å vere ung og lovande, til å tippe over i det patetiske? I hjartet av Oslo prøvar tre kvinner i midten av 20-åra å takle overgangen til vaksenlivet. Kjærastar, vener, familie og arbeidsgjevarar skal alle ha sitt, i tillegg blir krav og forventningar ein stillar seg sjølv stadig større.

I sesong to av denne humoristiske dramaserien fortset Elise, Alex og Nenne jakta på venskap, karriere og den rette - og forhåpentlegvis også svaret på kva i all verda foreldra driv med.

Med Siri Seljeseth, Alexandra Gjerpen, Gine Cornelia Pedersen, Ole Christoffer Ertvaag, Benjamin Helstad med fleire.



Valkyrien

Produsert av: Tordenfilm

Produsentar: Eric Vogel og Nina B. Andersson

Samprodusent: Ronnie Fridthjof

Regi: Erik Richter Strand

Prosjektredaktør NRK: Tone C. Rønning

Lengde: 8 x 45'

Ein desperat lege og ein dommedagsfantast inngår ein allianse og etablerer ein illegal klinikk djupt under jorda i Oslo sentrum. Legen Ravn prøvar å finne ein kur til kona si Vilma, som er døyande. Han er villig til å gå langt for å nå målet. Beredskapsmannen Leif førebur seg på samfunnsskollaps. I mellomtida tilbyd dei tvilsame pasientar eit svært alternativt helsetilbod på nedlagde Valkyrien stasjon.

Serien startar med at ein av dei mange alarmane til Leif går. Eit ran har gått frykteleg gale, og den hardt skadde ranaren Teo søker tilflukt hos Leif. Utan legehjelp vil Teo døy. Ravn skylder Leif ei teneste, og den lyssky verksemda er i gang.

Med Sven Nordin, Pål Sverre Hagen, Pia Halvorsen, Ellen Birgitte Winther med fleire.

Serien vann Gullruten for beste TV-drama og Pål Sverre Hagen vann for beste mannlege skodespelar.



VG-lista Topp 20 Rådhusplassen

Produsert av: Monster Entertainment og NRK

Produsent: Christian Holst Meinseth

Prosjektleiar NRK: Ellen Ramstad

Lengde: 2 t 35'

Dette er den største gratiskonserten i Norden med dei beste artistane og dei mest populære låtane fra inn- og utlandet, direkte frå Rådhusplassen i Oslo. Programleiarar er Christine Dancke og Julie Bergan.

Saman presenterer dei det aller beste av norsk og internasjonal musikk for eit begeistra publikum, og duoen og artistane gjer konserten til ein minneverdig kveld.

Artistar som står på scena er mellom anna Katastrofe, Gabrielle, Cezinando og Morgan Suele.



Vikingane

Produsert av: Viafilm og NRK

Produsentar: Anders Tangen og Øyvind Thoen

Manus og regi: Jon Iver Helgaker og Jonas Torgersen

Redaksjonssjef NRK: Christina Rezk Resar

Lengde 6 x 29'

Vikingane er ein episk og humoristisk dramaserie sett til vikingtida. Året er 790, og i sesong to følgjer vi kvardagslivet til vikingane i landsbyen Norheim.

Mellan maktkamp, tokt og slag i ei tøff tid byd livet på gode venskap, fest og kjærleik, samstundes som dei blir utfordra av nye moderne trendar med innføring av mijuke verdiar og kunst, krangling og sjalusi, samlivsproblem og trøblete søskensamband vi kjenner frå moderne tid.

Med Kåre Conradi, Nils Jørgen Kaalstad, Silje Torp, Jon Øigarden, Øystein Martinsen, Trond Fausa Aurvåg, Mariann Saastad Ottesen med fleire.



ZombieLars

Produsert av: Tordenfilm og NRK

Eksekutiv produsent: Eric Vogel

Produsentar: Anne Bergseng og Gisle Halvorsen

Serieskaparar: Thomas Seerberg Torjussen og Gisle Halvorsen


Redaksjonssjef NRK: Cathrine Simonsen

Lengde: 13 x 15'

I denne fantasiserien møter du ZombieLars, ein litt annleis gut, som flyttar til ein ny stad. Men, i Bekkebakken er framande som han ikkje velkomne. Den korrekte termen, som elevane på skolen får beskjed om å bruke, er "ein halvt levande ulevande".

Lars har evna til å skru av kjenslene sine. Og han kan ikkje døy eller slå seg. Vi møter også andre barn med ulike "superkrefter", som kjem til syne på forunderleg vis.

Med Leonard Valestrand Eike, Hannah Raanes-Holm,
Dat Gia Nguyen, Helena F. Ødven med fleire.



RADIO



4-4-2 med Schau og Aune

Produsert av: Rubicon

Produsent: Cathinka Rondan

Prosjektredaktør NRK: Geir Elle

Lengde: 40 x 3t

Aleksander Schau og Thomas Aune følgjer europeisk toppfotball når kampane spelast. Radarparet sender tre timer kvar laurdag i radiokanalen NRK Sport fra klokka 15.30. Dei gjev deg historier og digresjonar om lag og spelarar undervegs. Frå klokka 17 går sendinga også i NRK P1.



Debatt i P2

Produsert av: Millimedia

Produsent: Ivar Mykland

Prosjektredaktør NRK: Ole Jan Larsen

Lengde: 20 x 29'

Debatt i P2 speglar aktuelle debattar som blir arrangerte i kulturhusa rundt om i landet. Dette er transmisjonar av aktuelle debattar om kultur- og samfunnsspørsmål som andre institusjonar står bak. Det er mellom anna tenkte-tankar, mediehus og kulturhus.

Prosjektet skal gje eit større mangfald av røyster til den aktuelle debatten og bidra til at NRK P2 speglar heile landet. Produksjonsselskapet Millimedia byggjer opp rangørnettverket og leverer sendingane til NRK.



Femtinist

Produsert av: Ordentlig Radio

Produsent: Tor Andersen

Prosjektredaktør NRK: Line Gevelt Andersen

Lengde: 52 x 120'

I denne serien samlar Toini Knudtsen trådane og gjev deg musikken frå 1950-talet. I store linjer og ned til minste detalj får du historiene om musikarane, stadene, musikken og kva han har betydd for oss, fortald av ein som sjølv er musikar, rockehistorikar - og femtinist.



Kurer

Produsert av: Munck Studios

Produsent: Anna Iversen

Prosjektredaktør NRK: Line Gevelt Andersen

Lengde: 48 x 29'

Dette er mediemagasinet til NRK. Programmet går i djupna og analyserer aktuelle problemstillingar i medielandskapet, både i Noreg i resten av verda. Korleis påverkar media oss? Og kva skjer med demokratiet i ein digital mediekvartdag? Dette er sentrale tema i Kurer. Programleiarar er Kristin Nordvoll Mork og Lars Erik Ertzaard Ringen.



Norske skipsforlis

Produsert av: Lyder Produksjoner

Produsent: Christian Lyder Marstrander

Prosjektredaktør NRK: Ole Jan Larsen

Lengde: 10 x 27'

Gjennom alle tider har havet vore viktig for landet vårt. Det har vore farefullt. Over 14 000 skipsvrak ligg langs norskekysten. 14 000 historier om heltedådar og botnlause tragediar.

I denne serien snakkar vi med etterkomrarar, vrakdykkarar og historikarar for å finne ut kva som skjedde med ti skipsforlis. Ti historier om tragiske skjebnar, men også ti historier om Noreg som skipsnasjon gjennom tidene.



Radio Buvik

Produsert av: Rubicon

Produsent: Cathinka Rondan

Prosjektredaktør NRK: Aira Planting

Lengde: 15 x 57'

Satireprogrammet Radio Buvik er ein litt anngleis lokalradio frå buljongen av Noreg, den vesle storkommunen Buvik. I Buvik er dei opptekne av dei same tinga som resten av Noreg, mellom anna kva som skal til for å bli rekna som norsk, situasjonen i Syria, situasjonen til Johaug, reknestykka i NAV og sjølvsagt Marcus og Martinus. Programleiarar er Emilie Skolmen, Lars Berrum, Sebastian Brynestad og Astrid Elise Arefjord.



Røverradion

Produsert av: Rubicon

Produsent: Cathinka Rondan

Prosjektredaktør NRK: Aira Planting

Lengde: 20 x 29'

Dette er det einaste radioprogrammet i Noreg laga av innsette innanfor murane i norske fengsel.

I Noreg blir ein dømt til fridomsfrårøving, men ikkje til frårøving av ytringsfridomen. Korleis er det eigentleg å sitje i fengsel? Og kven er dei som gjer det? Røverradion gjev deg nye perspektiv og livserfaringar når innsette, politikarar og samfunnsaktørar må ta ansvar for vala dei har teke.



Sånn er du

Produsert av: Feelgood Scene Film & TV

Produsent: Lars Hognestad

Prosjektredaktør NRK: Unni Ødegård

Lengde: 18 x 57'

Kor nevrotisk er du? Er du ekstrovert eller introvert? I denne serien let programleiarane Harald Eia og Nils Brenna kjente personar gjennomgå personlegdomstesten "Big 5". Resultata får dei direkte i studio.

Karl Ove Knausgård, Christian Ringnes og Kristin Skogen Lund, Sondre Lerche og Hege Storhaug er nokre av gjestane som har lagt seg under lupa.



NATUR



Beverdalen

Produsent: Arve Henriksen
Redaktør NRK: Terje Dale
Lengde: 39'

Arve Henriksen lever av å jobbe på oljeplattform, men det han lever for, er vekene på land der han oppheld seg i Beverdalen. I tre år, gjennom alle årstider, har han med kamera følgt livet i denne bortgøynde dalen på Sørlandet. Sakte men sikkert, har han også kome usedvanleg tett innpå den ekstremt sky beveren, som nesten har vore utrydja i heile Noreg.

Beverfamilien byggjer demning etter demning og fleire hytter, heilt til det er tid for vårvakta. Ho blir svært dramatisk.



Dronning uten land

Produsert av: Artic Light

Produsent: Asgeir Helgestad

Redaktør NRK: Terje Dale

Lengde: 52'

Isbjørnbinna Frost er hovudpersonen i denne filmen frå Svalbard. Den prislønte naturfotografen Asgeir Helgestad har følgt binna og ungane hennar gjennom fleire år, og har sett korleis isen smeltar under potane hennar.

Vi får sjå korleis isbjørnfamilien taklar dei store klimatiske endringane som skjer i Arktis. Få stader er sterkare påverka av klimaforandringane enn Svalbard. Filmen gjev eit unikt innblikk i korleis kloten no endrar seg, med store konsekvensar for alle oss som lever på han.



Min natur

Produsert av: Naturbilder

Produsentar: Arne Nævra og Torgeir Beck Lande

Redaktør NRK: Terje Dale

Lengde: 4 x 39'

Naturfilmskaparane Arne Nævra og Torgeir Beck Lande har laga ein ny, storslått naturserie frå Noreg. Denne gongen serverer dei oss flotte landskap og gode dyrehistorier frå både fjellet, skogen, kysten og Svalbard. Dei stiller og spørsmål om kva som truar denne naturen. Kva har vi igjen av den norske villmarka?

Til å formidle både glede og bekymring har dei valt ut åtte personar som tek oss med til sin naturtype, til sitt fjell eller sin skog. Kva er det som er så spesielt med deira natur? Dessutan, kva truar naturen dei er så glade i? Er dei optimistar eller pessimistar?



ANDRE



Børsemakerne

Produsert av: SRS Media

Regi: Stian Johnsen

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 9'

Kjell Gunnar Larsen er ein børsemakar av den gode, gamle sorten. No vil han gjere noko ingen i Noreg har gjort før han, nemleg å utvikle og produsere si eiga rifle til det profesjonelle skiskyttarmiljøet.



Med Kato på kvalfangst

Produsert av: Bergefim

Produsent: Trygve Berge

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 14'

Kvar sommar er kvalskuta Kato på fangst i Barentshavet. Vi er med når utkikken i tønna ropar "kval", skipperen siktar seg inn og skyt, og kvalen blir dratt opp på dekk.

Dette er ei spektakulær biletforteljing om ein fangst som berre eit fåtal har vore med på og som er svært framand for dei fleste.



Det perfekte bildet

Produsert av: Pandora Film

Produsent: Trude Refsahl

Regi: Ida Kleppe

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 49'

Fotografen Thomas Morel (28) er sjærmerande, ambisiøs og suksessfull. Han gjer kva som helst for å få til eit godt bilet, og strekk seg lenger og lenger for kvart blinkskot. Han smyg seg under ein isbre og han kastar hundre liter mjølk på profesjonelle dansarar. Men han blir sjeldan fornøgd.

Til slutt jobbar han så hardt at strikken ryk. Og han går inn i ein djup depresjon. I denne filmen følgjer vi Thomas i tida etter depresjonen. Igjen utfordrar han grensene, men no trur han at han ikkje kjem til å gå på den same smellen igjen. Men Thomas tek feil.



Kari-Anne på Røst

Produsert av: Tindefilm

Produsent: Hilde Nerland

Regi og foto: Tor Sivertstøl

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 7 x 29'

I denne serien møter vi Kari-Anne Nilsen som har satsa alt på eit liv på gyngande grunn. Ho flytta frå ein veglaus gard i ein trond fjord på Sunnmøre, ut til havgapet sør i Lofoten.

Der er sauane øyhopparar, og båt viktigare enn fjøs. Men ho er ikkje berre bonde. I kommunen med 535 innbyggjarar er det alltid noko ein kan bidra med.

Bli kjent med fiskaren, kyrkjetenaren, radiorøysta, landskapspleiaren og livsnytaren Kari-Anne.

Ingen oppgåver er for små, ingen for store.



Kvenske røtter

Produsert av: Siivet

Produsent: Anstein Mikkelsen

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 5 x 9'

I desse fem korte filmane møter vi menneske frå store delar av det kvenske området, frå Tromsø i vest til Pasvik i aust.

Serien handlar om alt frå det kvenske språket, kvendrakta, badstove og isbading, kontakt med søskenminoritetar i Russland, reiser til Tornedalen i Sverige, flygarjobb i Afrika og Asia, skiferdrift og sledes- og båtbygging. Fire av filmane er på kvensk og ein på norsk med kvenske innslag.



Seterjentene

Produsert av: Totjueto Film
Regi, foto og klipp: Martin Gjellestad
Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes
Lengde: 29'

I Grøvudalen i Sunndal kommune ligg Innergammelsetra. Ho blir drifta av ungdomar og tilbyd kurs utanom det vanlege. Her får ein innføring i seterdrift, osteproduksjon og husdyrhald.

Filmen følgjer Aisha, Martha og Karine medan dei driv setra i tre veker. Kva er det med desse unge menneska som søkjer hardt arbeid utan mobiltelefon og Netflix langt til fjells? Gjennom sveitte og slit blir venskap smidde som truleg vil vare livet ut. Vi blir kjende med dei moderne budeiene og får innblikk i ei svunnen tid.



Spilling rivefabrikk

Produsert av: SRS Media

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 9'

På Lindesnes finst eit eineståande døme på norsk industri- og landbrukshistorie frå førre hundrearsskifte.

Oppfinnaren og teknikaren Ole Askildsen Spilling konstruerte alt det han trong av utstyr for å kunne produsere den etterspurde riva.

Utstyret verkar framleis, og fabrikken ser ut som om siste arbeidsdag var i går.



Stifinneren

Produsert av: Øya Film

Produsent: Kristian Mosvold

Redaktør NRK: Oddbjørn Rosnes

Lengde: 14'

Aksel Selmer er forfattar av bøker for både vaksne og barn. Han jobbar som lærar og er aktiv idrettsmann.

Aksel er ein person som det er lett å like, venleg og ettertenksam. Han er ikkje ein slik macho personlegdom som ein skulle tru når ein ser at han lagar Noregs hardaste og tøffaste sykkelloyper.



Våre 15 største leverandørar i 2017

- 1 (1) MONSTER
- 2 (2) STRIX
- 3 (-) TORDENFILM
- 4 (3) MONKBERRY
- 5 (4) RUBICON
- 6 (-) NILS & RONNY / CONCORDE
- 7 (8) BULLDOZER
- 8 (10) PANDORA FILM
- 9 (-) MEDIEOPERATØRENE
- 10 (-) FABELAKTIV
- 11 (-) SPARK MEDIA
- 12 (-) NORSK FJERNSYN
- 13 (-) FENRIS FILM
- 14 (-) SPELEEMANN
- 15 (-) ROLLO TOMASI

2016 i parentes. Gjeld leverandørar av innhald som i sin heilskap er produsert eksternt.

Sjangerfordeling 2017

